



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 28.01.2021 kl. 15:15-16:30

Stad: ASKVOLL (Møtet gjekk føre seg som telefonmøte)

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Karen Anny Espedal	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Arnt Johny Langeland	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Aud Kari Steinsland	Varamedlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem

Forfall:

Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Terje Mork	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2021/1		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2021/2		Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 14.12.2020	RUNE ZIENER
SR 2021/3		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2021/4		Tariffrevisjonen for Den norske kirke pr. 05.052020 - Uravstemming	RUNE ZIENER
FR 2021/5		Regulering av festeavgift	RUNE ZIENER
FR 2021/6		Budsjett 2021	RUNE ZIENER
SR 2021/7		Ny gudstenesteforordning for Sunnfjord	RUNE ZIENER

Askvoll, 28.01.2021

Rune Ziener
referent

SR 2021/1 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.
-

SR 2021/2 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 14.12.2020

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 14.12.2020.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 14.12.2020.
-

SR 2021/3 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar var framme i møtet:

- M 2021/01 Kyrkjelydsutvalet i Kvammen: *Referat frå møte 24.11.2020*
- M 2021/02 Bjørgvin biskop: *Geistleg representasjon ved dei kyrkjelege fellesråda i Sunnfjord prosti i perioden 2019-2023, endringar frå 1. januar 2021* (15.01.2021)
- M 2021/03 Bjørgvin biskop: *Visitasar i Bjørgvin 2021 og 2022* (11.01.2021)
- M 2021/04 Agnar Vilnes: *Vilnes kyrkje - planar for slokketank og parkeringsplass* (17.01.2021)
- M 2021/05 Trusopplæringsutvalet: *Referat frå møte 13.01.2021*
- M 2021/06 Kyrkjerådet: *Menighetsmøter skal etter regelverket gjennomføres hvert år i hver menighet. Men hvordan gjennomføre dette i år?* (20.01.2021)
- M 2021/07 Soknepresten i Askvoll: *Endra aktivitetsplan ut februar*
- M 2021/08 KA: *Utkast til ny strategiplan for KA (2021-2025)*
- M 2021/09 Kyrkjeverja i Askvoll: *Reglar om betaling for bruk av kyrkjene i Askvoll (UTKAST)*

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2021/4 Tariffrevisjonen for Den norske kirke pr. 05.052020 - Uravstemming

UTGREIING

Etter at det har vore brot i forhandlingane, mekling, streik og ny mekling, vart det semje i KA-området 11. januar 2021 i forhandlingane om ny hovudtariffavtale (sjå vedlagte rundskriv).

Forslaget går til uravstemming hos medlemmene, med svarfrist midnatt 31.01.2021.

Styret i KA tilrår sine medlemmer å stemme JA ved uravstemminga.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd stemmer JA til forslaget til ny HTA.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd stemmer JA til forslaget til ny HTA.

FR 2021/5 Regulering av festeavgift

UTGREIING

Festeavgifta for gravplassane i Askvoll vart sist regulert i 2015.

Gjeldande avgifter er:

- Ordinær festeavgift: kr 150,- pr. år.
- Graver over 70 år: kr 225,- år.
- Graver yngre enn 30 år: kr 0,- pr. år.

Festeavgifta er ei viktig inntektskjelde for dei kyrkjelege fellesråda for å finansiere/delfinansiere drifta av gravplassane og øvrig verksemd i fellesrådet. Prisdanninga er heilt fri, og det inneber såleis ikkje at den skal følgje noko sjølvkostprinsipp eller tilsvarande. Avgiftsnivået på landsbasis er svært varierende, og i Bjørgvin bispedømme er det satsar frå kr 0,- pr. år og opp til kr 603,- pr. grav pr. år etter data frå kartlegging føreteke av kyrkjeverjelaget ved årsskiftet 2019/2020. Snittprisen på festeavgifta her er kr 260,- pr. år.

I Sunnfjord prosti varierer ordinær festeavgift frå kr 150,- til kr 300,- pr. år pr. grav i 2020 (gjennomsnitt kr 208,-).

Vurdering

Ein bør vurdere å regulere avgift for gravfeste i Askvoll for å kompensere for redusert kommunal rammeløyving for drifta og tilpasse seg gjeldande nivå i øvrige kommunar. Askvoll bør kunne ha ei relativt høg festeavgift, då ein her har innført lokal regel om at alle avlidne som var busett i kommunen skal ha grav friteke for avgift i 30 år, også når festegrav vert teke i bruk.

Etter kyrkjeverja si vurdering bør ein minst legge seg på gjennomsnittleg nivå i bispedømmet for ordinær festeavgift, altså kr 260,- pr. grav pr. år. Vidare bør ein halde fram med ordning for differensiering av avgifta for eldre graver med (50% tillegg) for å stimulere til sletting av desse etter 70 år etter siste gravlegging med tanke på gjenbruk på gravplassane.

Det vert forutsett vidareført at alle som var busett i kommunen har avgiftsfri grav i fredingstida, sjølv om festa grav vert teken i bruk.

Økonomisk konsekvens

For kommande 4-årsperiode (2022-2025) er det i snitt om lag 227 årlege festeutløp. Med 80% fornyingsgrad på festa, vil meirinntekten til soknet ved regulering til kr 260,- utgjere årleg nær kr 100.000,-.

Avgjerdsmynde

Etter gravplassloven § 21, 2. ledd er det kommunen som fastset festeavgift etter forslag frå gravplasstyresmaktene.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek å gå inn for slike reguleringar i festeavgift for grav i kommunen:
 - Ordinær festeavgift: kr 260,- pr. år.
 - Festeavgift for graver over 70 år: kr 390,- pr. år.
 - Festeavgift for graver yngre enn 30 år (der avlidne var busett i kommunen): kr 0,- pr. år.
2. Satsane vert regulerte årleg etter konsumprisindeksen.
3. Endringane trer i kraft frå 01.01.2022.
4. Forslag om regulering av festeavgifter vert oversendt Askvoll kommune.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek å gå inn for slike reguleringar i festeavgift for grav i kommunen:
 - Ordinær festeavgift: kr 260,- pr. år.
 - Festeavgift for graver over 70 år: kr 390,- pr. år.
 - Festeavgift for graver yngre enn 30 år (der avlidne var busett i kommunen): kr 0,- pr. år.
2. Satsane vert regulerte årleg etter konsumprisindeksen.
3. Endringane trer i kraft frå 01.01.2022.
4. Forslag om regulering av festeavgifter vert oversendt Askvoll kommune.

FR 2021/6 Budsjett 2021

UTGREIING

DEL 1: Investeringar Askvoll sokn

I økonomiplanvedtaket til soknet (sak FR 2020/46) har soknet bedt om tilskot til slike investeringstiltak for 2021:

Totalbehov (tal i 1000 kr)	2021
	3470 (3810)
Fordelt på:	
Rehabilitering Holmedal kyrkje	1500
Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard	1700
Bytte ut røromnar og belysning Vilnes kyrkje	170 (510)
Rullestollift/-heis i koret Askvoll kyrkje	100

I kommunen sitt budsjettvedtak er berre rehabilitering Holmedal kyrkje teke inn i inneverande budsjettår 2021 med 1,5 millionar i investeringstilskot. Tre sistnemnde prosjekt er ført opp i økonomiplanen for 2022.

1.1 Nye prosjekt finansiert med kommunalt investeringstilskot

Oppstart rehabilitering Holmedal kyrkje

Disponibelt til prosjektet:

Investeringstilskot 2021: Kr 1.500.000,-

Kommentar til prosjektet:

Her må ein gjennomføre prosjektet over fleire år, då investeringsbehovet er totalt om lag 7,2 millionar med førespegla tilskot 1,5 millionar årleg til prosjektet er ferdig.

Ein bør i 2021 inngå avtale med konsulentfirma for å starte planlegginga om korleis prosjektet bør følgast opp dei kommande åra.

Det er tilgjengelege fondsmidlar knytt til Holmedal kyrkje som kan nyttast til tilleggfinansiering (kr 161.000,-).

1.2 Vidareførte prosjekt i kommunen sin tidlegare investeringsplan

Tilbygg/brannsikring Vilnes

Uavslutta/oppstarta prosjekt som går vidare til 2021 med kommunal finansiering (NB! Med atterhald om endringar ved rekneskapsavslutninga for 2020).

Disponibelt til prosjektet:

Unytta investeringstilskot 2020: Kr 1.960.000,-

Prosjektoverskot 2020: Kr 898.000,-

Total: 2.858.000,-

Kommentar til prosjektet:

Dette er føreslege vidareført som vedteke i 2020, men det ligg an til at ein må tilføre prosjektet meir finansiering.

1.3 Prosjekt utanfor kommunalt investeringstilskot (NB! Atterhald om endringar i samband med rekneskapsavslutninga 2020):

Orgelrestaurering Holmedal

I tillegg til kommunalt finansierte nye prosjekt har soknet i økonomiplanvedtaket gått for å starte rehabilitering av orgelet i Holmedal kyrkje finansiert med tidlegare innkomne gåvemidlar/bunde fond.

Disponibelt til prosjektet:

Bunde fond kr 676.100,-

Kommentar til prosjektet:

Det er ikkje gjennomført nokon fagleg vurdering av tilstanden på orgelet og utbetningsbehov er ikkje kartlagt. Ein bør ta ei tilstandsvurdering i 2021 og så komme tilbake til vidare prosjektgjennomføring. Ein bør ikkje nytte heile fondet til orgelet, då dette også er øyremerkt kyrkjeklokkene i Holmedal. Det er sett kr 500.000,- til prosjektet som utgangspunkt i budsjettforslaget.

Klimaskalsikring Vilnes kyrkje

Her har ein fått kr 300.000,- frå Riksantikvaren i 2020 til prosjektet.

Det er berre brukt om lag kr 50.000,- i 2020 sidan prosjektgjennomføringa er utsett til 2021.

Disponibelt til prosjektet:

Prosjektoverskot 2020: Kr 250.000,-

Tidlegare budsjettert bruk av bunde fond Vilnes: Kr 200.000,-

Totalt: Kr 450.000,-

Kommentar til prosjektet:

Dette er føreslege gjennomført våren 2021 som tidlegare forutsett. Uendra finansiering.

Parkeringsplass Vilnes

Budsjettert brukt kr 195.000,- av ubunde investeringsfond i 2020, men prosjektet er ikkje belasta i rekneskapsåret, då ein enno ikkje har føreliggande prosjektplan/parkeringsløysing.

Disponibelt til prosjektet:

Ubunde investeringsfond: kr 195.000,-

Kommentar til prosjektet:

Det er lagt til grunn at ein arbeidar vidare med parkeringsløyising for Vilnes kyrkje og budsjettering frå 2020 vert ført opp på nytt i 2021.

KLP- eigenkapitalinnskot

Pliktig årleg innskot til pensjonsordninga.

Disponibelt til prosjektet:

Overført kr 14.000,- frå drift.

Kommentar til prosjektet:

Ingen.

DEL 2: Drift

Driftsbudsjettet har eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder (t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

2021 vil vere eit budsjettmessig krevjande år, då soknet har fått nedtrekk på kr 78.000,- i kommunalt driftstilskot etter tillegg for lønnsvekst, og det er nødvendig med kutt ift. økonomiplanvedtaket. Vidare er det redusert inntekt for overføring av trusopplæringsmidlar kr 60.000,- for å delfinansiere sekretær oppgåver etter at ein no har fått tilsett pedagog.

Kyrkjelydsarbeid

Når det gjeld den separate økonomien til kyrkjelydsarbeid (som har annan finansiering enn kommunalt driftstilskot, då primært statleg trusopplæringstilskot, kyrkjeofringar, gåver og eigenbetalingar) er det forutsett at det vert sett opp budsjett for 2021 i balanse.

2. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

2.1.0 Utgifter

2.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til uendra bemanningsnivå frå 2020.

Her er lagt inn lønnsvekst for tariffoppgjeret 2020, samt 3% tillegg frå oppgjeret 2021.

Auke her frå førebels budsjett 2021 er kr 13.200,-

Samla for lønn og sosiale utgifter: 2.863.200,-

Ein bør gjennom budsjettåret sjå på moglegheiter for å redusere utgifter her.

2.1.2 Kjøp av varer og tenester

Relativt faste driftsutgifter som energi, graving, forsikring, kurs, forbruksmateriell m.v. utgjer i forslaget kr 1.013.900,-, som er opp kr 13.900,- samanlikna med førebels budsjett.

Det er føreslege brukt kr 80.000,- av driftsmidlar til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2021, som er ned kr 112.000,- frå økonomiplanvedtak. Vidare er det føreslege at ein nyttar kr 39.000,- i fondsmidlar frå bunde fond for å finansiere/delfinansiere tiltak i VU-planen.

Ein ser at reduserte inntekter samanlikna med økonomiplanvedtaket er føreslege teke inn

ved reduksjonar i planen. T.d. er det teke ut av planen kjøp av ny plenetraktor til kyrkjegardane (kr 80.000,-). Fram mot sesongen 2021 bør ein sjå på alternativ finansiering for å alltid ha to plenetraktorar tilgjengeleg. Om ikkje finansiering av kjøp av ny traktor kjem på plass, kan ein vurdere leasing eller låneopptak. Vidare er nybygg av lettvegg og dør til Kvammen kapell (der det i dag er ein skyvevegg med dårleg oppheng, og som representerer ein fare for å kunne falle ned) redusert kostnadsstipulat, med tanke på at det meste av arbeidet kan gjerast på dugnad. Oppgradering av bårerommet og lyddemping i Kvammen kapell er føreslege teke ut av planen. I tillegg er enkeltpostar noko reduserte når det gjeld kostnadsstipulat.

VU-plan 2021

<i>Utgift</i>	<i>Ordinær drift</i>	<i>Fondsfinansiert</i>	<i>ØP-vedtak</i>
Lettvegg og dør bak i Kvammen kapell	0	24000	40000
Stemming av orgelet i Kvammen	0	5000	0
Ny plenetraktor	0		80000
Ny kopimaskin/skrivar til kyrkjekontoret	12000		10000
Teleslynge til Kvammen kapell	10000		10000
Oppgradering av bårerom i Kvammen kapell	0		5000
Oppgradering kjøkkenskåp Kvammen kapell	2000		5000
Lyddemping i Kvammen kapell	0		10000
Nytt el-piano til Askvoll kyrkje	0	10000	10000
Vatningsløyising Gjelsvik gravplass	8000		20000
Vatningsløyising Vågane gravplass	8000		10000
Uføresett	40000		40000
Sum	80000	39000	240000
Finansiering med driftsinntekter	-80000	0	-192000
Fondsfinansiering	0	-39000	-48000

2.1.3 Refusjonar og overføringar

Her ligg inne:

- Overføring til investeringsrekneskapen med kr 14.000,- til eigenkapitalinnskott, KLP.
 - Avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 20.000,-.
 - Refusjonar for leige av bedehusapella med kr 60.000,-.
- Totalt kr 94.000,-

2.2.0 Inntekter

2.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festeformyning. Det er registrert ca. 360 festeutløp i 2020, med tilbod om fornying frå 2021, og ein legg til grunn 80% fornyingsgrad. Stipulert tal nye/gjenopptekne festeavtalar for 2021 er i forslaget sett til 10 stk.

Samla stipulat for festeavgift i 2021 vert sett til kr 223.000,-

Eventuelle inntekter for utanbygds gravleggingar eller utleige av kyrkjene er ikkje lagt inn i budsjettforslaget.

Total inntekt er sett til kr 223.000,-.

2.2.2 Refusjonar og overføringar

Det er ikkje budsjetttert med refusjonar og overføringsinntekter i 2021 unnateke meirverdiavgiftskompensasjon.

2.2.3 Rammetilskot eigen kommune

Her er lagt inn tilskotssum som ligg i kommunen sitt vedtak: kr 3.808.000,-.

2.2.4 Andre tilskot og gåver

Stipulert kr 20.000,- i gåver og offerinntekter til kyrkjene.

Samla tilskot og gåver: kr 20.000,-

Hovudoppsett forvaltning (kap 04100-04300)	
<i>Utgifter:</i>	
Lønn og sosiale utgifter	2863200
Vare og tenestekjøp	1013900
VU-plan	119000
Refusjonar og overføringar	94000
Meirverdiavgift	225000
<i>Sum utgift</i>	<u>4315100</u>
<i>Inntekter:</i>	
Brukarbetaling, sal og avgifter	-223000
Refusjonar og overføringar	0
Rammetilskot eigen kommune	-3808000
Andre tilskot og gåver	-20000
Renteinntekter	-100
Bruk av avsetningar	-39000
Meirverdiavgift (kompensert)	-225000
<i>Sum inntekt</i>	<u>-4315100</u>
Differanse	0

3 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil primært verte finansierast ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

I planforslaget vert forutsett at ein budsjetterer desse tenestene i balanse som tidlegare, utan kommunale driftstilskot.

3.1 Generelt kyrkjelydsarbeid

Her ligg hovuddelen av kyrkjeofringane. Kr 45.000,- er lagt inn som offerinntekt som vert

overført til andre. Beløpet svarar om lag til det som kom inn i 2020, som var betydeleg lågare enn tidlegare år.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er tenkt gjennomført digitalt også i 2021, men då går innbetalingane direkte til organisasjonen utan at dei går innom soknet sin rekneskap. Derfor er postane sett i kr 0,- i forslaget.

Ofringar til eige arbeid er lagt inn med kr 10.000,- som finansierer ulike kyrkjelydstiltak og materiell (kyrkjekaffi, kyrkjemusikalsk arbeid, etc.).

Deltenesta er budsjettert i balanse med ramme kr 56.000,-.

3.2 Trusopplæring

Her er lagt inn grunnkostnaden for kyrkjelydspedagog finansiert med trusopplæringsmidlar frå det sentrale rettsobjektet Dnk, samt fondsfinansiert (kr 270.000,-) prosjektstillingsdel som går t.o.m. august 2021.

Det er ikkje mogleg å budsjettere presist når det gjeld materiell og trusopplæringsaktivitet, både som følgje av at trusopplæringsplanen er under revisjon (med tanke på iverksetjing frå hausten 2021), og at ein enno ikkje veit kva tiltak som skal vere med i ny plan, samt stor uvisse om gjennomføringsgraden av tiltak p.g.a. korona. Utgifter og inntekter knytta til aktivitet er derfor grovt stipulert.

Deltenesta er budsjettert i balanse med totalt delbudsjett kr 572.000,-.

3.3 Kyrkjeblad

Det er teke utgangspunkt i 3 utgåver av kyrkjebladet i 2021 som tidlegare, med kostnad på omkring kr 77.500,-. Dette vert finansiert med bladpengar, annonsar og kyrkjeofringar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek investerings- og driftsbudsjett som føreslege frå kyrkjevevja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek investerings- og driftsbudsjett som føreslege frå kyrkjevevja.

SR 2021/7 Ny gudstenesteforordning for Sunnfjord

UTGREIING

Björgvin biskop har teke initiativ til gjennomgang av gudstenesteforordningane i i bispedømmet, og har i brev til prosten i Sunnfjord 06.12.2018 bedt om forslag til ny gudstenesteforordning i prostiet.

Saka har vore på høyring i Askvoll sokneråd tidlegare, der soknerådet fatta slikt vedtak (Sak SR 2019/8):

*Askvoll sokneråd har slik uttale i samband med gjennomgangen av gudstenesteforordninga:
Vi ønskjer at gudstenestetale i Askvoll vert oppretthalde på nokon lunde samme nivå som i dag,
med ein slik struktur:*

*- Askvoll kyrkje: 2 gonger pr. månad
- Holmedal, Kvammen, Vilnes og Bulandet: 1 gong pr. månad kvar av desse gudstenestestadene
Totalt 72 gudstenester pr. år.*

Ein treng såleis å få tilført presteressurs utanfrå til om lag 17 gudstenester pr. år.

Høgtidsdagar:

*- Gudsteneste i Askvoll kyrkje alle 1.-dagane
- Gudsteneste i Askvoll og Holmedal kyrkje 17. mai
- Ønskjer variasjon for kvar det er gudsteneste dei andre kyrkjene på dei andre høgtidsdagane;
Skjærtorsdag, Langfredag, Kr. Himmelfartsdag*

Det er no utarbeidd eit forslag til ny forordning, og prosten ber om innspel på forslaget innan 28. februar 2021. Det er tenkt at ny plan kan tre i kraft frå hausten 2021.

Sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim har gått gjennom forslaget og skriv følgjande:

I brev dagsett onsdag 6. januar 2021 bed Prosten i Sunnfjord om høyringssvar på framlegg til ny forordning for Sunnfjord.

Målet med prosessen er

- 1) å få ei oppdatert forordning som stemmer med det vi faktisk har av gudstenester.
- 2) å endre i fordelinga for å få til ei målretta ny satsing nokre stader.

Soknerådet vert bedt om å gje tilbakemelding på framlegget, og utarbeide eit årshjul for gudstenestene.

Arbeidsutvalet har hatt forordninga oppe i AU-møte, og stiller seg positive.

Framlegg til årshjul (som stemmer med ny forordning) er vedlagt e-posten.

Askvoll sokn – fordeling av gudstenester

Når det gjeld Askvoll sokn er det framlegg om følgjande endring i forordninga:

«Askvoll-Holmedal – Gudsteneste minst annankvar søndag».

Dette vert praktisert alt i dag, men er ikkje forordna av biskopen.

Slik ser me at framlegget til forordning (som Prosten skriv i mål 1) er ei justering, slik at forordninga vert oppdatert til å stemme med den praksisen vi erfarer som tenleg.

I framlegget frå Prosten vert Askvoll-Holmedal-kyrkjelyden sett på som ei gruppe. Det er truleg tenleg å sjå gudsteneste-tilbodet i Askvoll og Holmedal kyrkjer samla.

«Minst annankvar søndag» les eg som til vanleg Askvoll annankvar søndag (som hovudkyrkje), og i tillegg ein i Holmedal pr månad.

Altså tre tilsaman i Askvoll-Holmedal pr måned, men ikkje som ein så bindande ordning at det kjem i vegen for evt ynskje om å satse på t.d. ungdomsgudstenester, familiegudstenester el.l i ei av dei to kyrkjene.

Fordeling av gudstenester mellom kyrkjene

Grunnlaget for framlegget er gjeldande forordning, innspela soknerådet tidlegare har gitt på denne, og folketalsutviklinga i soknet.

Felles råd	Sokn	Kyrkje	Tidligere forordning (07)	Innspeil prestane	Nytt framlegg	Gammelt folketal
Askvoll	Askvoll	Askvoll		23	35	1040
	Askvoll	Holmedal		14	Frå Askvoll	693
	Askvoll	Kvammen		14	14	439
	Askvoll	Vilnes		14	14	482
	Askvoll	Bulandet		14	14	240
	Askvoll	(Værlandet)			0	200
	Askvoll	(Stongfjorden)			0	222
Total			79	79	77	

Det vedlagte årshjulet syner korleis framlegget kan fungere i praksis.

Satsing

Så kjem det også ei oppmoding til soknerådet å satse.

Prosten framlegg om følgjande:

- dei plassane som har ei gudsteneste om månaden □ ein av desse bør vere friluftsgudsteneste, ei om året.
Det vedlagte årshjulet tek høgde for dette.
- Dei stadane som har gudsteneste minst annakvar søndag vil eg rå til å arbeide med variasjon i gudstenestetilbodet, trusopplæring, konfirmantar og ei satsning på nye som kjem til kommunen.
Dei plassane som har ei gudsteneste om månaden må søkje å halde på det som samlar, legge ned det som ikkje fungerer og prøve nye ting.
Døme: Trusopplæring og satsing på familiane er viktig der barnetala går mykje ned.
Viktig å vidareutvikle godt samarbeid med grendalag, musikklag og kor, lokale musikarar, 4H, historielag, misjonsforeningar, sanitetslag og liknande. Stølgudstenester, vandringar til kyrkje, gudsteneste ved gamle steinkrossar og andre historiske stader (kystpilgrimslei etc.)
Slike planar bør utviklast i lag med kyrkjelydsutvala, og sidan kome med i årshjulet, helst innan august 2021.
Årshjulet må også utfyllast med godt fungerande tradisjonar som bør vidareførast. Også dette bør skje i samarbeid med kyrkjelydsutvala.

Spørsmål til diskusjon om Bulandet, Vilnes og Kvammen

Folkestalutsvikling er ein faktor å ta om syn til. Frammøte-tal er eit anna.

Meiner soknerådet at vi bør endre på framlegget til forordning/årshjul ut frå kor hen og kor tid det kjem folk til kyrkja?

Døme:

Det er til dømes godt frammøte i Bulandet, medan frammøte i Vilnes ofte er lågt på vanlege søndagsgudstenester.

Tyder dette at ein bør ha gudsteneste i Bulandet tredje kvar søndag og i Vilnes sjette kvar søndag, i staden for begge stader fjerde kvar søndag?

Eller tyder dette at ein heller må satsa på utvikle interessante gudstenester i alle kyrkjene? Kva med Kvammen?

Innstilling

Etter mitt syn er framlegget til forordning i tråd med tidlegare drøftingar i soknerådet, og soknerådet bør derfor stille seg positive til framlegget frå Prosten.

Eg vonar også at soknerådet stiller seg bak det generelle årshjulet som syner gudsteneste-tilbodet i soknet.

Til sist vonar eg at soknerådet oppmodar kyrkjelydsutvala om å arbeide med punkta under «Satsing», og slik utvikle årshjulet vidare i samarbeid med sokneprest og sokneråd.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd stiller seg bak soknepresten sine vurderingar og stiller seg positiv til prostens sitt forslag til ny forordning.
2. Soknerådet oppmodar kyrkjelydsutvala til å arbeide vidare med punkta under «Satsing», og slik utvikle årshjulet vidare i samarbeid med sokneprest og sokneråd.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd stiller seg bak soknepresten sine vurderingar og stiller seg positiv til prostens sitt forslag til ny forordning.
2. Soknerådet oppmodar kyrkjelydsutvala til å arbeide vidare med punkta under «Satsing», og slik utvikle årshjulet vidare i samarbeid med sokneprest og sokneråd.